

---

**Fra:** Arne Hoeyland <arhoy@online.no>  
**Sendt:** onsdag 2. mai 2018 09.10  
**Til:** Ingebjørg Vamråk; Post Austrheim; Postmottak Radøy; Postmottak Meland; Postmottak Lindås; Post Masfjorden kommune; Postmottak Vaksdal; Post Osterøy; Postmottak Modalen  
**Emne:** bok om kystkulturen i Nordhordland

Hei

Syner til tidlegare epost om bok om kystkulturen i Nordhordland

Det er sikkert mange som er interessert i kva ei bok vil kosta å produsera, det har eg ikkje rekna på, men her er litt meir om ideen og innhaldet sik eg tenkjer om det.

Her kan de sjå eit døme på noko eg skreiv om sjøbruket i Masfjorden for Masfjorden kommune i samband med opprettinga av Båt- og sjøbrukssamlinga på Sandnes i Masfjorden. Det eg har skreive her er basert på Båt- og sjøbruksregistreringane i Masfjorden i fyrste del av 1990- talet.

Liknande tekstar kan ein laga for dei andre kommunane i regionen og bruka det i ei bok om kystkulturen d.v.s. om kulturen i Nordhordland, frå hav til fjell. Då ver sjøbruket eit tema. Så vert det eit kapittel om båtane. Så må det verta eit kapittel om landbruket, jordbruket, skogbruket, fjelbruket (uteslått, stølsdrift og sæterbruk), vassbruk (bruken av vatn og elvar), så eit kapittel om dei gamle landbaserte transportmidla, og ei ordbok med namn på gamle ting. Det vert og eir eige kapittel om den gamle fellesøkonomien mellom havfolk og fjord- og fjellfolk, der dei bytte varer og tenester, det ein kan kalla den gamle kulturbiotopen. Folk i ytre skoglause strok reiste inn til Masfjorden og Osterfjorden og bytte til seg varer/råvarer som dei manglar og folket i fjordane og på fjellet fekk bytta til seg viktige fiskeprdukt frå havfolket

her eit døme på eit kapittel om sjøbruket i Masfjorden

<https://intervjunaturbruk.blogspot.no/2014/03/sjbruket-i-masfjorden-oppsummering.html>

Helsing  
Arne Høyland